

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato	10.05.2022
Vår referanse	2022/55483-1
Dykkar referanse	Eva Margaretha Ørmen Vinjevoll
Sakshandsamar	Eva.Margaretha.Ormen.Vinjevoll@vlfk.n
E-post	o
Telefon	95009559

Oppstart av namnesak - Endring av namn på bybanehaldeplassar

Vestland fylkeskommune ønskjer å endre namn på nokre haldeplassar for bybanen for å gjere namna meir intuitive for brukarane av kollektivtransport. Endringane kjem som følgje av opning av ny bybanelinje til Fyllingsdalen, og eit behov for å rydde i namnestrukturen.

Fylkeskommunen ber no kommunen om å sende saka på lokal høyring. I følgje lov om stadnamn jf § 8.Kunngjering og høyring i stadsmanlova. *Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Kommunane har ansvar for å kunngjere at det er reist namnesak.*

Forslaga til endringar er

Nytt forslag til namn på haldeplass	Tidlegare namn på haldeplass	Kommune
Jernbanestasjonen	Nonneseter	Bergen
Bergen busstasjon	Bystasjonen	Bergen
Nestun terminal	Nestun	Bergen
Lagunen terminal	Lagunen	Bergen
Birkelandsskiftet terminal	Birkelandsskiftet	Bergen

Bakgrunn for endringsforslaga

Bakgrunnen for endringsforslaga er at vi ønskjer å gjere det enklare for publikum, og at vi i større grad vil følgje stadardane for namnegiving av haldeplassar (Jernbanedirektoratet Normativ Håndbok N801). Særleg er det viktig for brukarar frå andre stader at namna på haldeplassane er logiske og konsekvente. Eit viktig prinsipp er at haldeplassane skal arve haldeplassnamn frå hovudtransporttypen.

På Nesttun, Lagunen og Birkelandsskiftet er ønsket å legge til ordet «Terminal» for å synleggjere at dette er viktige byttepunkt.

Fylkeskommunen har vore i kontakt med språkrådet, v/ stadnamntenesta i Vestland, som har peika på at det er særleg viktig å involvere lokale historielag og liknande i denne saka då Nonneseter er eit historisk namn. Fylkeskommunen foreslår difor om at kommunen i tillegg til å annonsere namnesaka på eigne nettsider og i aviser sender ein særleg invitasjon til følgjande interessentar:

Fortidsminneforeningen avd Hordaland v/Lars Jørgen Dahl
Professor og standnamneksper Gunnstein Akselberg
Byantikvaren
Bergen historiske foreining, v/formann egil.ertresvaag@hib.no

Med helsing

Torill Klinker
seksjonssjef
MOK - Transportplan

Eva Margaretha Ørmen Vinjevoll
rådgjevar
MOK - Transportplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift